

# SYNGJAREN: FOLKEMUSIKK FRÅ MØRE OG ROMSDAL

MELDT AV VEGAR VÅRDAL

Er du på jakt etter ei plate med gode låtar frå Møre og Romsdal? Sett deg ned i sofaen ei lita stund og lån øyra til *Syngjaren*. Her finn du små songstubbar, ein og anna jazza springar, enkle og briljante feleslåtter og ei boge som har blitt bytt ut med eit plekter eller fem. Er du interessert i den norske folkemusikktradisjonen, og spesielt felemusikk, kan det òg vere plata for deg. Ikkje vent å finne tradisjonsopptak eller nøyaktige kopiar av dei gamle spellemennene, men derimot folkemusikk tolka av utøvarar aktive i folkemusikkmiljøet i fylket i dag. Her er det energi og driv i tolkingane, sjølv i det enklaste slåttesteivet.

Primus motor for prosjektet er Anna Liv Skjelten Gjendem, dagleg leiar i Folkemusikkarkivet for Møre og Romsdal. Ho har samla saman ein solid gjeng med utøvarar, som alle står fram som gode ambassadørar for fylket. Som på dei fleste slike folkemusikkplater, følgjer det med eit fyldig og godt hefte. Her fortel Gjendem at ho gjerne vil ha fram dei gløynde slåttane, og at dei kan inspirere oss alle til ein dans eller ti. Som ho skriv: Blir det ikkje spelt springar, blir det heller ikkje dansa springar – og omvendt.

Plata opnar med ein halling der Gro Kjelleberg Solli og Unni Boksasp syng oss trygt og godt ut av stolen. Dei syng med ei takt som nærast *krev* ein glødande dans, og som ikkje gir noko kvilestund. Så kjem Jorun Marie Kvernberg med to variantar av ein frisk og teknisk utfordrande springar som har gitt tittel til plata. Øystein Sandbukt gir nokre av slåttane på plata eit anna preg, ved at bogen er bytt ut med gitarplekter. Han har ei god danserytme i spelet, og har sett seg godt inn i dei ulike særtrekka i dette tradisjonsområdet. Han får med seg ornament og frasering særst godt, men gir òg slåttane sitt eige stempel. Sandbukt står rett og slett fram som ein habil spelemann.

Britt Elise Skram kommer med dei neste slåttane. Ho er ein utøvar som spelar støtt, trygt og truverdig. Ho legg ikkje inn noko anna enn det slåttan har frå før, men syner at det enkle og tradisjonelle også fenger. Det same gjeld for soloslåttan til Ingunn Linge Valdal. Så kommer det raraste innslaget på plata, synest eg – men kvifor ikkje? Ingunn Linge Valdal og Knut Ivar Bøe spelar ein springar som dei kallar «Springjazz frå Stordal». Slik eg kjenner tradisjonen frå dette distriktet, skil denne låta seg markant ut, og tar heller tak i ei tid då folkemusikken skulle få ny verdi ved å tre inn i jazzens estetikk og harmonikk. Det same gjeld for «Kneppen», springaren av Jens Synnes som dei avsluttar heile plata med. Her manglar lufta, spensten og den drivande rytmikken som får springaren til å gyngje. Det synest heller som at dei har prøvd å lage ei litt frisk salmetone i staden, med et hav av akkorder og «fete» overgangar. Kult, *groovy* og fengande er det – men ikkje akkurat min kopp kaffe. Derimot er springaren «Gammelsagjen», med Torgeir Leivdal



DIVERSE ARTISTAR:  
**SYNGJAREN: FOLKEMUSIKK FRÅ MØRE OG ROMSDAL**

Heilo/Grappa, 2016

18 spor, 44 minutt

Produsent: Britt Pernille Frøholm

og Øystein Sandbukt, noko eg kunne ønskt det var meire av på denne plata. Her er det eit verkeleg drivande spel som ikkje er redd for å låte litt skeivt og skakt. Det hadde vore artig om Leivdal hadde fått eit kutt der han spelte fele heilt åleine. Leivdals måte å formidle melodien på, og ta tak i rytmikken og tonen, er noko ein sjeldan høyrer i dag. Som felespelar og dansar hadde eg ønskt meg at dette blei meir brukt, og at det blei satt meir pris på i vår vesle folkemusikkboble.

Så kva blir konklusjonen? Dette er ei plate som fortel oss at dei åtte utøvarane og prosjektleiar Gjendem er stolte av musikken i heimfylket. Dei ønskjer å løfte han fram, slik at heile Noreg kan lytte og la seg bli fanga. Eg kan ikkje anna enn å be deg om å utvide din folkemusikkhorisont: Sett på denne plata, gjerne ein laurdagskveld, og sett deg inn i ein litt attgøymd folkemusikktradisjon.

Folkemusikkarkivet i Møre og Romsdal kan vere stolt av denne produksjonen, og fylket av sine dyktige utøvarar. Dette er musikarar som brenn for folkemusikktradisjonen, det kan vi både høyre og bli smitta av. Så la deg bli fenga, og dans gjerne ein liten springdans på stovegolvet. Vi treng å danse litt meir, og denne plata inviterer oss ut på golvet.